



Advokat Kjell-A. Helland
Postboks 594 Sentrum
5806 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1040 - 14/14327

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
24.09.2014

Godkjenning - Løyve til utlegging av flytebrygge med forankring i gbnr 26/27 i Meland kommune

Administrativt vedtak. Saknr: 262/2014

Saksutgreiing:

Omsøkt tiltak:

Tiltakshavar Tom Neumann, representert ved advokat Kjell-A. Helland, har søkt om løyve til utlegging av flytebrygge på gnr 26 bnr 27 i Meland kommune. Flytebryggen er på ca 2 x 5 meter pluss landgang på ca 2 meter. Søknaden vart journalført i kommunen 2.9.2014, og komplett i høve til sakshandsamingsfristane i pbl § 21-7 ved mottak av vedtak frå Bergen og Omland Havnevesen 9.9.2014.

Saka har ei lengre historikk i kommunen som det ikkje er naudsynt å gjere greie for her. Dette gjeld mellom anna oppfølging av tidlegare utlagt flytebrygge på eigedommen som ulovleg tiltak etter plan- og bygningslova kap 32. Kommunen legg til grunn at partane i saka er kjend med historikken. Nedanståande godkjenningsvedtak inneber at saka vert avslutta som ulovlegheitssak i kommunen.

Omsøkt tiltak er endra samanlikna med tidlegare innsendte søknader. Det ligg no ikkje føre merknader frå naboar og det er gjeve løyve til tiltaket etter havne- og farvasslova, jf nedanfor.

Lov- og plangrunnlag:

Eigedommen gbnr 26/27 er i reguleringsplan for Litlebergen vist som eksisterand nausteigedom. Sjøområde framfor naustet er vist som spesialområde for privat småbåthamn (PS1). Tiltaket vert vurdert å vere i samsvar med plangrunnlaget for eigedommen.

Nabovarsel:

Tiltaket vart nabovarsla 1.9.2014. Det er ikkje registrert merknader.

Godkjenning frå Bergen og Omland Havnevesen (BOH):

Ved vedtak av 8.9.2014 har BOH godkjent omsøkt tiltak med heimel i hamne- og farvasslova § 27 første ledd. I vurderinga skriv BOH:

«Det er trangt i det omsøkte sjøområdet. Vi gjør derfor oppmerksom på at den private eiendomsretten må respekteres, noe som innebærer at utleggingen av flytebyggen, samt bruken av flytebyggen må skje innenfor egen eiendomsgrenser, med mindre det foreligger samtykke fra grunneier av en eventuelt berørt eiendom».

Vurdering:

Utforming og plassering:

Tiltaket skal plasserast og utførast som vist på vedlagte situasjonskart datert 1.9.2014 og stempla godkjend 24.9.2014. Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket med dette stettar plan- og bygningslova sine krav til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 – 29-2. Tiltaket vert vurdert å vere i samsvar med gjeldande krav til plassering, høgde og avstand frå naboeigedomar og omliggjande byggverk, jf pbl § 29-4.

Flytebygga ligg på eigen eigeidom og er til eige bruk, og kan difor etter kommunens skjønn godkjennast utan ansvarsrettar, jf pbl § 20-2.

Vedtak

«I medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav (a), jf pbl § 20-2, gjev Meland kommune løyve til utlegging av flytebygge på gbnr 26/27 i Meland kommune, jf søknad journalført 2.9.2014. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Plasseringa av bygg og kaianlegg skal vere som vist på vedlagte situasjonskart stempla godkjend 1.9.2014.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova, som er det offisielle registeret for fast eigeidom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt ikkje anna er bestemt ovanfor.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet vart gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.»

Vedtaket er gjort administrativt i medhald av delegert mynde. Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 27 flg, jf vedlagt skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tom Neumann

Ådlandsvegen 205 5918

FREKHAUG

Mottakere:

Advokat Kjell-A. Helland

Postboks 594
Sentrum

5806

BERGEN